



VELKOMMEN TIL KM VETERAN PÅ HUSNES 12./13. SEPT. 2015

Velkommen til Kvinnherad og Trio for KM i veteranar
Velkommen til våre nye kastringar, lengdegroper og løpebanar.
Vi er kanskje ikkje så store som Beijing
men vi har eit flott nytt stadion med masse kule ting.

Velkommen til alle som kappgår, spring, hoppar og kastar
Vi er nye i gamet, men ein gjeng med entusiasttar.
Vi skal gjera vårt for å gjennomføra med stil
Og vonar dåke reiser frå Husnes Stadion med eit smil.

Laurdagen startar vi klokka eitt, søndag klokka toll
Ta gjerne med både paraply og parasoll.
Husnes Camping er ein utmerka plass å bu
På Rosendal Fjordhotell er det meir komfortabelt vil eg tru.

Du kan overnatta på Baroniet, eit nasjonalt ikon
Eller i Uskedalen på koselege Solheim Turiststasjon.
Spiskammerset og Rosendal Turisthotell har sikkert eit rom og tre
Og vil du bu på skule så ordnar me det!

Me har ein ny organisasjon som held på å setja seg nå
Så det er berre å finna fram kartet og ferjeruta og melda seg på.
Du finn stevnet i terminlista på friidrett-sio
Så velkommen til Kvinnherad, Husnes og IL Trio!

For IL Trio Friidrett
Arne Torget
Tlf. 47483302 - arne.torget@knett.no

Hovedstevne, enkeltøvelser:

- eget mesterskap over 2 dager
- alle klasser kvinner og menn
- lørdag, menn: korthekk, 200m, 800m, 3000m, 5000m,
3000m kappgang, høyde, lengde, diskos, slegge
- lørdag, kvinner: korthekk, 200m, 800m, 3000m,
3000m kappgang, høyde, lengde, diskos, slegge
- søndag, menn: langhekk, 100m, 400m, 1500m, tresteg,
stav, kule, spyd, vektkast, 1000m stafett
- søndag, kvinner: langhekk, 100m, 400m, 1500m, tresteg,
stav, kule, spyd, vektkast, 1000m stafett



KORLEIS FINNE FRAM TIL TRIO OG HUSNES

Langvegfarande har gjerne problem med å finne fram til Husnes og Trio sine idrettsanlegg. Det meste er å finne i og rundt Husnes idrettspark.

Det er fleire måtar å kome til Husnes.

1) Frå Odda gjennom Folgefonntunnellen eller frå Bergen over fergestrekket Gjermundshamn-Årsnes. Då følgjer ein skilting til Husnes, som ligg om lag 45 minutt køyring frå Årsnes. Etter å ha teke til høgre ved gamle Møbelringen, køyrer ein gjennom ei rundkøyring og til venstre i den neste, før ein køyrer langs vatnet (venstre side) forbi sentrum (høgre side), til ein kjem til Idrettsparken.

2) Via Stord over fergestrekket Skjersholmane-Ranavik. Då kjem ein no i land på Halsnøy og køyrer gjennom undersjøisk tunnel, som kjem opp mellom Sunde og Husnes. Då tek ein til venstre i rundkøyringa og har ein knapp km køyring derifrå før ein er framme.

(Frå Bergen kan ein ta denne ruta ved å ta ferge til Stord frå Halhjem på Os. Då er det ca 30 minutt køyring over Stord frå Sandvikvåg til Skjersholmane.)

http://www.il-trio.no/no/sider/Finne_fram_/

OVERNATTINGSMOGLEGHEITER

Om lag 10.000 menneske har mindre enn 15 minutt køyring til Husnes sentrum. Husnes Storsenter er blitt eit flott nytt kjøpesenter med flott uteareal og shoppingtilbod. Husnes har eit rikt aktivitets-tilbod. Kvinnherad Golfklubb har bygd nytt og flott anlegg både med klubbhus og 9 hols bane. Det vidkjende Husnes Båthamn ligg i tett tilknytning til Søral-parken som inneheld banar for tennis, fotball og sandvolleyball.

Halsnøy er knytta til fastlands-kvinnherad med Halsnøytunellen (bompengar gjennom tunellen). Det bur om lag 2500 menneske på Halsnøy. Frå Sæbøvik sentrum til Husnes sentrum tek det ca. 10 minutt med bil.

Overnatting i Husnes-området:

Husnes Camping, Husnes, tlf. 534 73 252
Solheim Turiststasjon, Uskedalen, 534 86 039
Rabben Camping, Uskedalen, 534 86 150
Rosendal Fjordhotel, Rosendal, 534 88 000
(Husnes Hotell er diverre ikkje i drift).

For båtfolket:

Husnes Båthavn, Husnes www.husnesbaathavn.no
Sunde Båthamn, Sunde, tlf. 915 15 175